

| | | |
|-------------------------------------|--|-----------------------|
| LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ | Møtestad Rådhuset | Møte dato 20.10.80 |
| Sakshandsamar Haukås | Matr.nr. gnr. 81 bnr. 1 Risøy | SAK NR. 590/80 |
| Byggherre/meldar Arnvald Risøy | Adr. 5150 Lindås | |
| Saka gjeld | Frådeling - Hytte- og nausttomt til Anny og Ivar Espelid | |
| Vedlegg: | | |

Søknad om deling av eideom, dat. 23.7.80
kartutsnitt 1:1000
søknad om unntak frå strandlova, dat. 28.7.80
søknad om utvida bruk av avkjørsle til komm. veg,
dat. 23.7.80
skriv dat. 22.7. og 21.8.80 frå Ivar Espelid
Skriv dat. 19.4.80 frå Ole Risøy
Tilrådd av generalplanutvalet i møte den 23.7.80

MERKNAD:

Omsøkte hyttetomt er eit makebyte med ei anna tomt som vart
frådelt i 1970. Espelid søkte i 1978 om løyve til å føra
opp hytte på den tidlegare parsellen, men fekk avslag av
miljøverndep. den 27.9.79. Den 20.2.80 søkte han så om å
få føra opp bustadhús på tomta. Då parsellen ligg nær
våningshuset på bruket, har generalplanutvalet i møte den
23.7.80 tilrådd eit makebyte i samsvar med søknaden av 23.7.80.
Den nye tomta ligg like inntil eksisterande hyttefelt.

TILRÅDING:

I samsvar med vedtekts til § 82 i bygningslova, finn bygnings-
rådet etter siste setning i pkt. 1 i vedtekta å gjera unntak
for deling av eideom i samsvar med søknaden og på følgjande
vilkår:

1. Med tilvising til § 6 i strandplanlova gjev bygnings-
rådet unntak frå § 2 nr. 1 og § 3 nr. 1 i lova. Ein
gjer merksam på at søkeren ikkje kan retta seg etter
dette vedtaket før friluftsnemndene har teke stode
til klagespørsmålet. Klagefristen er 2 mndr. Evt.
klage har oppsetjande verknad.
2. Utvida bruk av eksisterande avkjørsle til kommuneveg
skal vera godkjend av teknisk utval. (§ 66.1)
3. I samsvar med § 66.2 i bygningslova vert det gjeve
løyve til utslepp av kloakk til minst 5 m under
fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar
med kloakkforskriftene av 1.5.80, jfr. retnings-
linene pkt. 3, men med halv dimensjon.
Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar
den som årsakar forureining å svara erstatning etter
alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna
.../..

MØTEBOK

Side 723

| | | |
|--|-------------------------------------|-----------------------|
| LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ | Møtestad Rådhuset | Møte dato 20.10.80 |
| Sakshandsamar Haukås | Matr.nr. gnr. 81 bnr. 1 Risøy | SAK NR. 590/80 |
| Byggherre/meldar Arnvald Risøy | Adr. 5150 Lindås | |
| Saka gjeld Frådeling - Hytte- og nausptomt til Anny og Ivar Espelid | | |

Vedlegg:

Forts.

seg at utsleppet fører til ulempe for nabobar eller andre, skal eigaren av eide domen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helserådet og bygningsrådet for å betra på tilhøva.

Melding om utsleppsløyve vert sendt til helserådet som har 3 vekers klagefrist på vedtaket. Evt. klage har oppsetjande verknad.

Då det ikkje er køyreveg fram til bygningen, må slammet frå slamavskiljaren deponerast på eide domen slik at det ikkje vert forureining av ikringliggende område.

4. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og kloakksystem og evt. overvassleidning der som dette vert anlagt i området. Bygningsrådet gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsettast av kommunen.
5. Bygningssjefen skal avgjera grensene for tomta.
6. Tidlegare tomt frådelt i 1970 går attende til hovudbruket.
7. Deling av eide dom kan ikkje finna stad før vilkåra om godkjenning frå andre instansar er ordna.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samråystes tilrådinga.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD

Utskrift sendt til

Arnvald Risøy
Anny og Ivar Espelid
Helserådet Tekn. utval
Lindås fril.nemnd Fylkesutvalet
Fylkesfril.nemnda